

Bulyst og trivsel i Vang

Kontakt bulystteamet

Du kan kontakte teamet om du har spørsmål eller innspel om arbeid, bustad eller sosiale nettverk og fritidsaktivitetar i Vang, så vil vi hjelpe deg så godt vi kan:

Marte Tangen, dagleg leiar på Frivilligsentralen, har oversikt over dei flotte tilboda som frivillige lag allereie skapar i Vang, og skal sørge for godt samspel med foreiningslivet.

→ frivilligsentralen@vang.kommune.no // 46 81 64 73

Erling Oppheim, næringsrådgivar, har overblikk over arbeidsmarknaden og bustadsituasjonen i Vang, og skal sikre godt samspel med næringslivet.

→ erling.oppheim@vang.kommune.no // 95 17 25 95

Solfrid Jordalen Jægersborg, HR-leiar i kommunen, har oversikt over ledige jobbar i kommunen og tiltak som kan gjennomførast på arbeidsplassen.

→ solfrid.jordalen@vang.kommune.no // 90 36 71 72

Marta Bjørnøy Lalim, kommunalsjef for utdanning og kultur, har overblikk over kulturlivet og skule/barnehage, som er viktige delar av satsinga.

→ marta.bjornoy.lalim@vang.kommune.no // 97 75 66 65

Anastasia Glæsel, programrådgivar på læringssenter, som spelar ei viktig rolle i arbeidet med utdanning og inkludering av flyktningane som blir busett i Vang.

→ anastasia.glesel@vang.kommune.no // 46 74 42 87





Kva leiter du etter?



Velkommen til Vang



Administrasjon



Utdanning og kultur



Landbruk og teknisk



Helse og omsorg



Næring



Beredskap



[Vang foreningsportal](#) [Ledige jobbar](#)[Bustader til salgs](#) [Bustadbygging](#)[Næringsutvikling](#)[Lærlingeprosjektet Futurizing Vang](#) 

Velkommen til Vang

Er du ny i Vang, nysgjerrig på Vang, eller allereie busett i Vang?

For å bu og trivast i Vang er det mange faktorar som skal vere på plass, som jobb, bustad og eit sosialt nettverk. Kommunen sitt nyetablerte *bulystteam* vil hjelpe deg med nettopp dette! Målet for teamet er at fleire flytter til Vang, at dei unge som veks opp her ønskjer å flytte heim, og at dei som allereie bur her har det bra.

Det skjer allereie utruleg mykje bra i Vang. Bulystteamet har som oppgåve å kartlegge tidlegare og eksisterande bulysttiltak, avdekke behov og prioritere nye tiltak, og koordinere bulystarbeid i Vang i samarbeid med både næringsliv, organisasjonsliv og eldsjeler.

DELEKNAPPAR



Kvifor bu i Vang?

Det er mange gode grunnar til å bu i Vang! Her er eit lite utval:

- Ei storstilt satsing på barn og unge!
- Ein kombinert [barne- og ungdomsskule](#) med ca 200 elever. Nyrenovert med den nye fleirbrukshallen [Vangshallen](#) [↗](#), med klatrevegg, basseng etc. Tolærarsystem, slik at det nesten alltid er to lærarar tilstades i klasserommet. Skulen nyttar Vang sin flotte natur mykje, både ved uteskule, faget FRI-NAT (friluftsliv og natur), og spanande utflukter. I Vang er SFO gratis for alle barn!
- Vang kommune har to [barnehagar](#), Høre og Fredheim, begge har småbarns- og storbarnsavdeling. I Vang er det løpande barnehageopptak (start når det passar dykk!) og frå august 2024 er månadsprisen per barn 1500 kr.
- [Helse og omsorgstenester](#) av god kvalitet.
- Vang kommune har personalbustadar til leige, med butid opptil 3 år.
- Byggeklare tomter fleire stadar i kommunen, alle med fantastisk utsikt!
- I Vang finn du 2 solide kontorfellesskap, [Kontorfellesskapet 1724](#) [↗](#) og [Synshagen Næringspark](#) [↗](#) Gjer som fleire andre og ta med deg arbeidet til Vang!
- Både i Vang og resten av Valdres finn du eit yrande kulturliv, der tradisjon står i høgsete, med blant anna tradisjonsmat, tradisjonsmusikk, tradisjonshandtverk og aktiv stølsdrift. Vang kommune har også ein god [kulturskule](#) med stort utval av tradisjonelle og moderne aktivitetar.
- I Vang står lag og foreiningar sterkt, her finn du aktivitetar for einkvar smak. Du finn alt om foreningsliv og fritidstilbod i [Vang Foreningsportal](#) [↗](#)
- Vang har ein storarta natur som innbyr til friluftsliv sommar som vinter, er du glad i turar, ski, jakt og fiske så er dette staden for deg! Vang blir sagt å ha "vestlandsfjell med austlandsklima", og er ei bygd med landbruk, gründarar, turisme og næringsliv i eit levande og inkluderande bygdesamfunn. I Vang finn du også store delar av Jotunheimen og ikkje minst festivalen [Vinjerock](#) [↗](#)
- I Vang har dei fleste kort avstand mellom arbeid, barnehage og skule. Her kan du leve eit så roleg eller så aktivt liv som du sjølv ynskjer, i ei distriktskommune med positiv folketalsutvikling.
- Meir info om korleis det er å bu i Vang finn du på [VangiValdres](#) [↗](#)
- Meir info om arbeids- og bustadsmarknaden Valdres finn du på [VelgValdres](#) [↗](#)



Velkommen til Vang!

Spørsmål om jobb, bustad eller
fritidsaktivitetar?

Kontakt
kommunen sitt
bulystteam!



Les meir: vang.kommune.no

